



TECHNOGARDEN AS
Norin Dilawar
Vestfjordgaten 4
1338 SANDVIKA

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/69034	26/3747	Renate Halstensen - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		03.08.2026

Vedtak om dispensasjon og løyve til tiltak i eitt trinn - 50/34, Mobergslia - Utskifting av sambandsmast - telekommunikasjon

Tiltak: utskifting av telekommunikasjonsmast
Byggjestad: Gbnr: 50/34 4624-50/34/0/0
Tiltakshavar: TELIA TOWERS NORWAY AS
POSTBOKS 4444, NYDALEN
0403 OSLO
Ansvarleg søkjar: TECHNOGARDEN AS
Vestfjordgaten 4
1338 SANDVIKA

Delegasjonssak nr.: 625/2026

Vedtak

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå arealføremål LNF i kommunedelplan for Bjørnafjorden Vest (KDPA), og frå regelen om minste avstand til nabogrense i pbl § 29-4, 2. ledd for utskifting av telekommunikasjonsmast slik det går fram av søknaden.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 19-2.

Bjørnafjorden kommune gir løyve i eitt-trinn for utskifting av telekommunikasjonsmast på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 04.05.2026, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.

Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 20-1, jf. § 20-3.

Før det blir gitt ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Generelle vilkår:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, og ein må ha fysisk sett i gang tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg igangsett før dette, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld òg dispensasjonsløyvet.

Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Informasjon om tilsyn

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område i 2025 jf. Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon.

I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak

Saka gjeld søknad om utskifting av telekommunikasjonsmast. Eksisterande mast på 30 meter skal erstattast med ein ny 30 m høg mast.

Det blir elles vist til søknad motteke 04.05.2026, med tilleggsinfo motteke 27.05.2026 og 20.07.2026.

1.2 Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

1.3 Plankrav

Tiltaket er etter kommunen si vurdering ikkje omfatta av plankrav etter gjeldande KDPA eller pbl. § 12-1.

1.4. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

1.5. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 13.08.2025.



Det er søkt om

1. Plassering av tiltak på kote +200

Avstand til nabogrensa er 6,45 meter.

Tiltaket er plassert for nære nabogrensa. Det er søkt om dispensasjon frå avstand til nabogrense, sjå vurdering under.

Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon

1.5. Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant.

1.6. Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Eigedomen har ikkje vegtilkomst. Det ligg føre rett til parkering hos grunneigar.

1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.8. Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

1.9. Uttale frå anna mynde

Søknad om dispensasjon er sendt på uttale til Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Det er ikkje mottatt uttale i saka.

2. Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål LNF og plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd.

2.1. Grunngeving:

Dispensasjon frå LNF:

- Tiltaket erstattar ein eksisterande mast med same høgde (30 m) → inga vesentleg endring visuelt eller praktisk
- Masta har allereie vore der → inngrepet er ikkje nytt i området
- Tek lite areal og hindrar ikkje ferdsel eller landbruksdrift
- Lite aktivitet og vedlikehald etter bygging
- Plassering vald av radiotekniske omsyn → gir best mogleg mobildekning
- Viktig for beredskap og kommunikasjon i nødssituasjonar
- Avgrensa påverknad på friluftsliv, natur og landskap



- Helse- og miljøkonsekvensar er vurdert av Statens strålevern
- Omsynet bak LNFR-formålet blir ikkje vesentleg tilsidesett
- Betre mobildekning = viktig samfunnsinteresse
- I tråd med nasjonale mål om utbygging av mobilnett

Dispensasjon frå pbl § 29-4:

- Ingen brannfare → god avstand til annan bebyggelse
- Slank konstruksjon → liten visuell påverknad
- Påverkar i liten grad sol- og skyggeforhold for naboar
- Erstatning av eksisterande mast → ingen ny negativ effekt
- Omsynet bak regelen (sikkerheit og naboomsyn) blir ikkje vesentleg tilsidesett

Sjå elles vedlagt søknad.

2.2. Regelverk:

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulemperne, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på konsekvensane dispensasjonen har for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984/85) s 102.

2.3. Vurdering:

Vurdering av dispensasjon frå LNF-føremål:

Omsynet bak LNF-føremål i KDPA er å sikre landbruksareal og område til bruk av natur og friluftsliv. I denne saka er området ikkje aktuelt som landbruksareal, og spørsmålet er derfor om omsyna til natur og friluftsliv blir vesentleg sett til sides av ein dispensasjon.

Området er ikkje registrert som eit viktig friluftsområde, og det er heller ikkje registrert viktige naturverdiar som blir påverka av mobilmasta. Det er opplyst i søknaden at den vil plasserast sånn at den ikkje vert til hinder for ferdsel i området. Det er allereie ei mast og ei utstyrshytte på staden, tiltaket inneber difor ikkje inngrep i urørt natur. Etter anleggsperioden vil basestasjonen bli svært lite besøkt. Mobilmasta blir likevel nokså høg, og vil dermed få ei viss verknad på landskapet.

Etter kommunen si vurdering er det avgrensa kva friluftsverdiar som blir råka av ei mobilmast, og verdien som naturområde vil ikkje bli vesentleg forringa av tiltaket. Vi kan derfor ikkje sjå at ein dispensasjon vil setje omsyna bak føremålet vesentleg til sides.

Fordelane ved tiltaket er ei betring av mobildekninga i området, og vil vere eit gode for bebuarar og andre som ferdast i område. Betre mobildekning i området vil og bidra til auka tryggleik i høve til beredskap og kommunikasjon i nødsituasjonar. Mobiltelefoni er i dag ein avgjerande del av infrastrukturen i samfunnet, og det er eit viktig mål med god, sikker og rask mobildekning. Som vist over er det i liten grad ulemper ved tiltaket, og fordelane ved



ein dispensasjon er etter vår vurdering klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Vilkår for dispensasjon er såleis oppfylt jf. pbl. § 19-2

Vurdering av dispensasjon frå pbl § 29-4:

Føremålet med pbl. § 29-4 er å sikre tilstrekkeleg avstand mellom byggverk av omsyn til mellom anna brannsikkerheit, samt å ivareta naboane sine interesser knytt til lys, utsyn og bruk av eigedom.

Den omsøkte masta er planlagt plassert 6,45 meter frå nabogrense, noko som er nærare enn minstekravet i § 29-4 (her; byggverkets halve høgde = 15 meter). Masta har ein slank konstruksjon og ei avgrensa utstrekning på bakken, noko som medfører at den visuelle påverknaden er relativt liten. Tiltaket blir vidare oppført i god avstand frå eksisterande bebyggelse, og kommunen vurderer at det ikkje er risiko for brannspreiing. Når det gjeld omsynet til nabo, legg kommunen til grunn at påverknaden på sol- og lysforhold er avgrensa. Det er også lagt vekt på at tiltaket inneber ei erstatning av ein eksisterande mast med tilsvarende høgde og funksjon. Tiltaket vil såleis i liten grad endre situasjonen for omgjevnadene samanlikna med dagens forhold. Vidare er det opplyst at nabo til tiltaket er den same som eig eigedomen der masta skal førast opp. Dette trekkjer i retning av at dei omsyna avstandsregelen skal ivareta, særleg knytt til nabointeresser, ikkje blir vesentleg tilsidesette.

På denne bakgrunnen vurderer kommunen at omsyna bak avstandsregelen i § 29-4 i liten grad blir påverka av tiltaket. Samstundes har tiltaket ein klar samfunnsnytte ved å bidra til betre mobildekning og styrka beredskap. Ulempene ved dispensasjon blir vurdert som små og avgrensa. Etter ei samla vurdering finn kommunen at vilkåra for dispensasjon er oppfylte, då fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene, og omsyna bak føresegna ikkje blir vesentleg tilsidesette.

«Kan»-vurdering

Då ein har funnet at dei materielle vilkåra for dispensasjon er oppfylt, «kan» det bli gitt dispensasjon. Det blir vist til praksis i Bjørnafjorden kommune, kor det blir sagt ja til dispensasjon dersom det ikkje er avgjerande grunnar som talar for å seie nei. Det føreligg ikkje slike avgjerande grunnar, og ein nyttar derfor «kan»-skjønnet til å godkjenne dispensasjon.

3. Andre vurderingar

3.1. Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

3.2. Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

3.3. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormyndene. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Kunnskapsgrunnlaget er funnet å vere tilstrekkeleg, jf. § 8.

4. Andre opplysningar



4.1. Mellombels bruksløyve / Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

4.2. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.3. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Renate Halstensen
Rådgjevar - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Situasjonsplan
Kart
Fasade - Mast 30m

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Telia Towers Norway As	Postboks 4444 Nydalen	0403	Oslo
Vestland Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	Leikanger



Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)		Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
		Dato	
③ Mottakar (namn og adresse)		④ Klageinstans	
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med. Klagerett De har rett til å klage på vedtaket. Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④. Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga. Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.			
Særlege opplysningar			

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve